

RETNINGSLINER FOR SØKNAD OM
DISPENSASJON FRÅ FORBODET MOT
MOTORFERDSEL I UTMARK OG
VASSDRAG- VOSS HERAD

Innhold

1. Søknaden	3
1.1 Skriftleg søknadsskjema	3
1.2 Søknaden må gjelde eit av desse føremåla:	3
På barmark.....	3
På snødekt mark	3
I vassdrag.....	3
Motordreve luftfartøy	4
1.3 Vedlegg til søknaden:	4
2. Handsaming av søknaden.....	4
2.1 Mangelfull søknad.....	4
2.2 Svar på søknaden	4
2.3 Ervervsløyve.....	4
2.4 Andre føremål.....	4
3. Vilkår for løyve.....	5

Bruk av motorkøyretøy som ikkje er heimla direkte i lova, den nasjonale forskrifta eller lokal forskrift, krev dispensasjon frå forbodet mot motorferdsel i utmark og vassdrag. Kommunen kan gje løyve til nyttekøyring på visse vilkår.

1. Søknaden

1.1 Skriftleg søknadsskjema

Søknaden skal innehalda namn på søkjaren, registreringsnummeret på køyretøyet, type køyretøy, køyrestrekning eller område og omfanget (tal turar eller landingar). Formål med transporten må grunngjevast i søknaden. Søknad skal sendast i god tid før ein har trong før løyvet. 3 veker ved delegerte vedtak og 2 månader ved saker som skal handsamast i politisk utval.

1.2 Søknaden må gjelde eit av desse føremåla:

På barmark

- a) Transport av ved, når det kan gjerast på barmark utan særleg skade, f.eks. etter eksisterande traktorveg.
- b) Transport av byggjematerial når barmarkstransport gjer minst skade og ulempe, f.eks. etter traktorveg.
- c) Tømmertransport for grunneigarar som ikkje har jord- eller skogbruk som næring.

Søkjaren kan elles dokumentera ein særleg trong som ikkje kan dekkjast på anna måte, og som ikkje er knytt til turkøyring.

På snødekt mark

- a) Ervervsmessig transport (leigekøyring).
- b) Transport av person med varig funksjonshemming.
- c) Transport av bagasje og utstyr mellom bilveg og hytte, når det i området ikkje er mogleg å få leigd transport etter bokstav a.
- d) Køyring i utmarksnæring for fastbuande.
- e) Transport av ved utover det som er heimla direkte i lov eller forskrift.

Søkjaren kan elles dokumentera ein særleg trong som ikkje kan dekkjast på annan måte, og som ikkje er knytt til turkøyring.

I vassdrag

Voss herad kan gje løyve i samsvar med lov eller forskrift når særlege grunnar ligg føre.

Motordrivne luftfartøy

Landing og start med motordrivne luftfartøy. Voss herad kan gje løyve i samsvar med lov eller forskrift når særlege grunnar ligg føre.

1.3 Vedlegg til søknaden:

- a) Kart i målestokk 1 : 50 000 med innteikna køyrerute eller køyreområde (køyreområde gjeld ved søknad om løyve til leigekøyring).
- b) Legeattest, ved søknad om transport av person med varig funksjonshemming.
- c) Ved søknad om løyve til å køyra i Stølsheimen- og Nærøyfjorden landskapsvernområde, må kopi av løyve eller søknad om løyve frå Fylkesmannen liggja ved.

Søkjaren må sjølv syta for å få løyve frå grunneigar, dersom køyreruta eller køyreområdet ligg på nokon annan sin eigedom. Grunneigar er suveren til å nekta eller avgrensa motorisert ferdsle på sin eigedom som ikkje er heimla direkte i lova. T.d. redningsteneste, motorferdsle frå politi eller annan offentleg oppsynsteneste.

2. Handsaming av søknaden

2.1 Mangelfull søknad

Søknad som er mangelfull eller manglar vedlegg vert ikkje handsama før søkjaren har supplert med naudsynt dokumentasjon.

2.2 Svar på søknaden

Svar på søknaden skal som hovudregel, etter at søknaden vart registrert hjå postmottak i Voss herad, vera gjeve innan 3 veker ved delegerte saker og innan 2 månader ved saker som skal handsamast politisk.

- a) Løyve vert utferda til eigar av hytte. Det vert berre utferda maks eit løyve per hytte sjølv om det er fleire eigarar.
- b) Der det er sommarveg fram til hytter legg heradet til grunn at tyngre gjenstandar som byggematerialar, inventar, ved og anna vert frakta inn på sommarstid. I slike høve skal det liggja føre særlege grunnar for å gje løyve til transport på vinterstid.

2.3 Ervervsløyve

Løyve for ervervmessig transport kan gjevast for inntil 5 år. Innehavar av løyve for ervervmessig transport kan få løyvet inndrege viss grunnlaget ikkje lenger er til stades (til dømes ikkje tek på seg leigekøyring).

2.4 Andre føremål

Løyve til andre føremål enn ervervmessig transport skal avgrensast i tid og tal turar. Løyveperioden skal vera maks 2 år.

3. Vilkår for løyve

1. Løyvet skal vera med under transporten, og skal visast fram på forlangande av politi og oppsyn.
2. Slede skal alltid vera kopla på under køyring med snøscooter.
3. Føraren skal føra logg for kvar tur før turen startar (ikkje krav ved løyve for ervervmessig transport).
4. Siste køyredag er 25. april kvart år (gjeld snøscooter). Det kan gjevast dispensasjon når særlege grunnar ligg føre.
5. Køyringa må avgrensast til eit minimum og må skje i samsvar med lov og forskrift. Persontransport kan berre skje i samsvar med lov og forskrift. Føraren skal visa omsyn til naturen, dyrelivet, eventuell busetnad og andre personar i området.
6. Løyve til ervervmessig transport er berre gyldig når føraren har bestilte køyreoppdrag. Ved kvart køyreoppdrag skal føraren velja kortast mogleg køyreveg. Snøscooter som vert nytta til ervervmessig transport skal ha godt synleg identifikasjonsmerke, som vert gjeve ut med løyvet. Dersom løyvet vert misbrukt i høve gjeldande lov og forskrift, kan løyvet verta inndrege.